

## Høringsuttale til NOU 2012:2

Vinje Nei til EU understrekar at vi meiner at det er ein stor mangel at utvalet ikkje fekk i mandat å greie ut alternativ til EØS. Vi ynskjer difor å peike på «Alternativrapporten» frå prosjektet «Alternativer til dagens EØS-avtale» som eit viktig supplerande bidrag til samfunnsdebatten om EØS, og dermed også til regjeringas arbeid med å utarbeide ei stortingsmelding.

Vinje Nei til EU støttar fullt ut den grundige høringsuttala som Nei til EU sentralt har utarbeidd. Vi legger samstundes særleg vekt på dei kapitla som er nemnt under.

### Kapittel 6.4.6 Reservasjonsretten

Utgreiinga gjev ei svært mangelfull framstilling av verknaden av bruk av reservasjonsretten.

Å påstå at EU har siste ordet er ei rein politisk vurdering, som berre er egna til å svekke norske interesser.

Ein viser til EØS-avtalas artikkel 3 som pålegg partane lojalitetsplikt, samarbeidsplikt og at ingen av partane skal gjere samarbeidet vanskeleg.

### Kapittel 10.5 EFTAs overvakingsorgan ESA

Utgreiinga gjev etter vår meining ei feil framstilling her. ESA opnar svært mange saker på eige initiativ, i 2007 var det totalt 329 saker og av desse var 65 klagesaker medan ESA på eige initiativ opna 264.

Med denne bakgrunn, er det svært gode grunnar til å gå inn i ei kritisk analyse av overvakingsorganet ESA.

### Kapittel 16 Arbeidsliv

Vinje Nei til EU meiner utvalets fleirtal underkommuniserer EØS-avtalas utfordringar for norsk arbeidsliv og den norske modellen.

Vi meiner det ikkje er dokumentert at EØS-avtala er ein hovudårsak til den gode utviklinga i norsk arbeidsliv og norsk økonomi sidan 1994.

Vinje Nei til EU stør mindretalet (Dag Seierstad) sine merknader til dette kapitlet.

### Kapittel 17 Velferd og Helse

Utvalet framstiller Pasientrettighetsdirektivet som uproblematisk og positivt. Dette direktivet er ikkje vedteke i Noreg. Dei negative sidene ved direktivet vert ikkje vektlagt i det heile; det at norske pasientar vil kunne presse ut lokale pasientar, fare for auka smitte over landegrensene, og at dette vil gje dei med god økonomi forkøyrersrett. Vidare vil det påføre norsk helsevesen enno meir byråkrati og binding av pengar opp i anna enn pasientbehandling – dette er alt eit stort problem som vil kunne auke viss pasientrettighetsdirektivet vert implementert.

Vi er skeptiske til at legemiddelverket er endra. Desse endringane har ført til at Noreg ikkje lenger kan stille behovskrav ved godkjenning av nye legemiddel, og at eineretten til Norsk Medisinaldepot på import og vidaresal av legemiddel er fjerna. Dette gjer det vanskelegare å ivareta helsepolitiske omsyn overfor ein internasjonalt organisert og marknadsstyrt farmasibransje.

Utvalet knyter dei positive sidene ved økonomisk vekst til EØS-samarbeidet og legg det til grunnlag for velferdsstaten, medan dei evt. negative trendane i norsk velferdspolitikkk ikkje vert knytt til EØS. Denne ubalansen går diverre att fleire stader i Europautgrediinga.

### Kapittel 18 Distrikt- og regionalpolitikk

Europautgrediinga gjev etter vår meining ikkje eit rett bilete på korleis EØS-avtala har påverka norsk lokaldemokrati, altså konsekvensane av mellom anna regelverket om offentleg innkjøp. Dette påfører det offentlege store meirkostnader, dette er stipulera til mellom 18 og 29% av kontraktverdi. Vi meiner norsk distriktutvikling er uvis under dagens EØS-avtale. Det grunnleggande problemet for Noreg er at vi ikkje lengre har herredømme over den regionalpolitiske handlefridomen.

Vinje Nei til EU stør mindretalet sine merknader til dette kapitlet.

### Kapittel 19.1 Energi

ESA har gjennom EØS fått svært stor makt over norsk gasspolitikk. Dette viktige området er ikkje handsama av utvalet.

Industrikraftregimet er eit døme på korleis EØS-avtala skaper usikkerhet for stabile rammevilkår for norsk kraftkrevande industri. Vinje Nei til EU vil understreke det svært viktige reguleringsansvaret NVE har i høve krav til magasinfylling. Dette ivaretek både buffer ved flaum og optimalisering av elektrisitetsproduksjon.

Vinje Nei til EU konkluderer med at nasjonal politisk styring i eit veldig viktig samfunnsområde vert utfordra og hindra av EØS.

#### Kapittel 21.1-21.03 Mat og landbruk

Dette kapitlet er på nytt eit døme på korleis fleirtalet i utvalet overdriv dei positive og bagatelliserer dei negative effektane som EØS har på området som kapitlet omhandlar.

Det er på sin plass å peike på at landbrukspolitikken er utanfor EØS. Det er ikkje innanfor utvalets mandat å kritisere landbrukspolitikken for lite frihandel og at norsk landbruk har for sterkt importvern .

Det er dokumentert at import av landbruksvarer frå EU er sju ganger større enn eksport til EU frå Noreg. Denne importen utgjorde 27 mrd, og dermed er Noreg den 6.største eksportmarknaden for matvareindustrien i EU.

Dette er med på å underminere den norske matvareproduksjonen, noko som er viktig for å oppretthalde sjølvforsyningssevna.

Handel med matvarer er innanfor EØS, men desse to områda kan ikkje blandast saman.

Utvalet sitt fleirtal er i dette kapitlet svake på forskningsbaserte synspunkt, og gjev ei politisk vurdering som vert både einsidig og ubalansert.

#### Kapittel 21.4.8 Fisk og omtalen av Nord Noreg

Vinje Nei til EU understrekar at mandatet til utvalet var at arbeidet skulle vere forskningsbasert.

Utvalet har ikkje kritisk undersøkt EØS-avtalas konsekvensar for fiskerifeltet.

#### Kapittel 25 Norges samlede tilknytting til EU

Vinje Nei til EU står her mindretallet i utvalet(Dag Seierstad).


Fleirtalet i utvalet driv her med «synsing» når dei kjem fram til at Noreg er «3/4 medlem av EU». Dette kjem ikkje frå eit forskningsbasert grunnlag. Europautvalet sine egne utrekningar viser at 28.1% av EUs gjeldande direktiv og forordningar er tekne inn i EØS avtala.

#### Kapittel 27 Utenfor og innenfor – Norges europeiske dilemma

Utvalet gjev etter vår meining eit feil bilete på fleire punkt. Dette gjeld maktfordelinga i EU, både mellom unionsorgana og mellom unionsnivå og medlemsland. På side 804:» Norge har ikke noen formell initiativrett i EU-prosessene, og kommer bare i beskjeden grad med forslag til EU om utvikling av nye områder.» Det vert framstilt som om dette er særskilt for Noreg. Heller ikkje medlemslanda har formalisert initiativrett.

Det er EU-kommisjonen som har einerett til å fremje lovforslag.

Vinje, 30.04.2012



Karin Engen Rui, leiar Vinje Nei til EU